



Haus Grendaråd
c/o Signe Mjelde Nordås Hausvegen 60
5286 Haus

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/179 - 23/7624

Saksbehandlar:
Linda Judith Svidal Nordås
linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no

Dato:
03.04.2023

Melding om tildeling

Osterøy kommune har gleda av å orientere Haus grendaråd om at de har fått kroner 65 000 i tildeling til vidare arbeid med istandsetting av Sanatoriet i Haus. Tildelingsbrev frå Vestland fylke er vedlagt.

Det vart i søknad søkt om kroner 105 00 til tre prosjekt, i tillegg til bevertning, med ein samla kostnadsramme på 220 000.

- Bryggeanlegg
- Redskapsbod
- Grensemur mot barnehagen
- Bevertning

I dialogen mellom Vestland fylke, Osterøy kommune og Haus grendaråd i forkant av tildelinga, vart det drøfta kva tiltak som burde prioriterast når søkt sum ikkje vart tildelt. Haus grendaråd ynska då å prioritere brygga sidan ungdommen som utfører arbeidet, er mest motivert for dette.

Osterøy kommune ber dykk om å søke å finne andre inntekstskjelder slik at brygge og grensemur vert realisert i 2023.

Rapportering

Osterøy kommune ber dykk om å føre rekneskap fortløpande. Hugs verdi av dugnadsinnsats. Rekneskapet bør fortløpande sei noko om kva tiltak de nyttar pengane på.

Rekneskapet skal leverast til post@osteroy.kommune.no innan 1. desember 2023, med kopi til Linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no.

Vi ynskjer dykk lykke til med arbeidet!

Med helsing

Linda Judith Svidal Nordås

tenesteleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Tildeling av tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde (kap. 1420, post 78).pdf

Samanstilling søknadar tiltak statleg sikra område 2023.pdf

Kopi til:

Anna Z. Kristiansen

Bjarte Lohne